

Framlegg frå hovudstyret – endring i organisasjonsplanen

På bakgrunn av interesse frå både unge og vaksne ynskjer hovudstyret at årsmøtet vedtar oppstart av volleyballgruppe i Hareid IL. I henhold til lov for Hareid IL § 23 ber vi årsmøtet gje hovudstyret fullmakt til å oppnemne nytt gruppestyre for volleyballgruppa.

Vi ber samstundes årsmøtet om å endre navn på Badmintongruppa til Badminton Trim. Dette inneberer også at gruppa melder seg ut av Norges Badmintonforbund og mister alle rettar til å delta på forbundet sine aktivitetar.

Hareid 20. mars 2024

For hovudstyret

Audun Ulstein

Leiar